



**MOTOREN:** Mest av alt skulle eg ønskt at de endeleg aksepterer at Sogndal er motoren i regionen og må vere det, skriv Arvid Andenes i denne kronikken. (Arkiv).

## Riv murane!

**MYKJE HAR SKJEDD** sidan Einar Gerhardsen brukte slagordet by og land, hand i hand. Ressursane låg ute i distrikta. Her produserte ein maten og her fann ein råvarene og arbeidskrafta som skulle bygge byane. No er arbeidskrafta importert. Det same er mykje av maten og råvarene. Likeverdet, harmonien og respekten er borte. Byane er blitt fullstendig overlegne om ein tenkjer på tilgang på interessante arbeidsplassar, folketal, vekst og dermed også makt.

**PRIORITERINGAR OG KREVJANDE** omstillingar har lenge vore kvardagen i næringslivet. Dette kjem i større grad også til å prege resten av samfunnet. «Distriktpolitiske verkemiddel» kjem til å gå ut av den politiske ordlista. Sympatien og forståinga for korleis pengar til infrastruktur, overføringar til landbruket, organiseringar og støtte til utdanningsinstitusjonar og alt anna endrar seg i takt med veksten i byane. Slik er det berre. 80 prosent av befolkninga bur og lever i byar og bynære strøk. Dei utgjør også 80 prosent av stemmene. Difor må vi her ute i distrikta endre både tenking, haldningar, politikk og taktikk om vi ønskjer utvikling. Men mest av alt må vi evne å stå saman. Alternativet er ytterlegare forvitring.

**VI STÅR OGSÅ** på terskelen til ei tid med svært store endringar. Ikkje berre i arbeidslivet. Den rivande teknologiske utviklinga og digitaliseringa vil påverke alt og alle. Eg er livande redd for at vi i altfor liten grad ser dette og tek konsekvensane av det. Under dei ulike avstem-

mingane om kommunestruktur var det mest brukte argumentet; vi veit kva vi har, men ikkje kva vi får. Ja, nettopp! Men vi veit at det blir ikkje det vi har hatt, og at det må møtast med heilt anna kunnskap, bruk av ny teknologi og andre arbeidsmetodar enn det vi har brukt tidlegare. Det er det einaste sikre! Mange fryktar dette. Det er ikkje den nye teknologien vi skal frykte, men at vi blir hengande med den gamle!

**EG FRYKTAR MEST** av alt at vi held fram som før. At vi nok ein gong er mest opptekne av vår eigen navle og vågar for lite, for seint. Mest av alt skulle eg ønskt at kommunane frå Høyanger i vest til Årdal i aust tok steget og blei ein kommune. Ein sterk kommune med klare prioriteringar og tydeleg fokus på å bygge ein sterk bu- og arbeidsregion. Mest av alt skulle eg ønskje at de endeleg aksepterer at Sogndal er motoren i regionen og må vere det. At de saman utfordrar og støttar Sogndal og campusmiljøet i ta på seg «drivkraftrolla» og finne tonen med teknologimiljøet i Årdal og Høyanger, hagebruksmiljøet i Leikanger og Lærdal, reiselivsaktørane i Aur-



**Arvid Andenes**  
KRONIKK

land og Luster.

**MITT RÅD ER** å starte med å tilpasse det kommunale tiltaksarbeidet. Nesten alle kommunane i Sogn Regionråd har sitt eige selskap. Ikkje eit negativt ord sagt om dei som jobbar der. Eg kjen-

ner dei fleste og veit dei er flinke folk som gjer sitt beste. Men halde opp mot det som no trengst så blir det for lite koordinert, for mykje generell kunnskap, for smått og for lite handlekraftig. Sjå om de ikkje kan lage eitt næringsutviklingsselskap ut av dette. Sjå om ikkje Olav i Luster kan bruke sin kunnskap også på tvers av kommunegrensene som dessverre kjem til å bestå. Tru om ikkje Terje i Høyanger også har noko å bidra med innover i fjorden. Kvifor ikkje utfordre ein annan Terje i Årdal med si breie erfaring til å bruke denne også i lag med Halvor og grundermiljøet på Campus'n.

**EG SNAKKAR IKKJE** om å nødvendigvis flytte desse arbeidsplassane. Eg har tru på at dei skal bu der dei bur, men vere mykje meir fleksible i forhold til kor dei jobbar og korleis dei jobbar. Eg trur på meir spesialisering. Eg trur ikkje at generell kunnskap er godt nok i framtida. Eg trur på at det å møtast på tvers i eit forpliktande samarbeid fremmar utviklinga og «riv litt murar». Eg trur at det skaper betre forståing og større aksept for kvarandre sine utfordringar, men også opnar for nye og betre løysingar. Eg trur til og med at det kan skape nye arbeidsplassar raskare til ein lågare kostnad enn om vi held på kvar for oss.

**– SOGN REGIONRÅD BYGGJER** nettverk og samhandlingsarenaer og ønskjer å bidra til å styrka samarbeidet med næringsliv, utdanningsinstitusjonar, forskingsmiljø og organisasjonar. Møta i regionrådet er også arena for slik dialog og samhandling.

**SITATET ER HENTA** frå årsmeldinga til Sogn Regionråd i 2015. Eg trur de må «våge meir». Det er ikkje nok å møtast! Som ordførarar i regionen kan de no vise at de er menn (for det er berre menn) som ser utfordringa og vågar å møte den. Vis at kommunegrensar ikkje er til hinder for utvikling, nettopp slik mange av dykk har hevda det siste året. For utgangspunktet er slett ikkje dårleg. Eg kjenner næringslivet i regionen. Mange av dei er spydspissar i sine næringar som Osland Havbruk, Kvikne Hotell, Highsoft, Digital Etikett og Lerum, berre for å nemne nokon få. De har eit kjent og godt profilert senter i Sogndal. De kan tilby høgskuleutdanning og de har mange arbeidsplassar også for høgt utdanna kvinner. Få stadar ser eg eit betre utgangspunkt for vekst og utvikling.

**DET ER MED** andre ord mykje opp til dykk sjølve! Kva ventar de på? Husk at 60 prosent av dei arbeidsplassane våre ungdommar skal leve av om 15 år ikkje er skapt enno. De er desse som skal gi oss utvikling og grunnlag for å bu og leve her også i framtida. Gå i gang å riv murane, både dei fysiske og mentale!

Sogn regionråd arrangerer fellesmøte med formannskapa 30.9.2016 for å diskutere kva som bør vere satsingane dei neste fire åra. Kva skal til for å få sterkare vekst og utvikling i Sogn? Kva skal kommunane samarbeide om? Før møtet har Sogn Avis publisert fire kronikkar som frå ulike vinklar utfordrar på kva regionrådet bør prioritere.